

Sigurd Hatteberg
Baronivegen 69
5470 ROSENDAL

SAKSBEHANDLAR: MAGNHILD BERGE

ARKIVKODE: 2012/2557 - 522.1

DATO: 09.10.2012

Vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre – 21.09.2012

| Saksnummer | Utval | Møtedato |
|------------|------------------------------|------------|
| 21/12 | Folgefonna nasjonalparkstyre | 21.09.2012 |

Løyve til nydyrking på gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad

Søkjær: Sigurd Hatteberg

Sekretariatet tilrår:

Folgefonna nasjonalparkstyre avslår søknad frå Sigurd Hatteberg om løyve til nydyrking på bnr. 87 bnr.11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Vedtaket er fatta med heimel i Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.1.

Vedtak:

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok samrøystes å gje Sigurd Hatteberg løyve til nydyrking gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune. Løynet er gjeve med heimel i § 48 i naturmangfaldlova.

Folgefonna nasjonalparkstyre er positiv til søknad om løyve til nydyrking på gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad.

Nasjonalparkstyret er positiv til ei utvikling i landbruket også i omsøkte område i samarbeid med bruk og vern.

Folgefonna nasjonalparkstyre gjer merksam på at saka også skal handsamast av Kvinnherad kommune.

Klage

Det kan klagast på vedtaket i medhald av forvaltningslova § 28. Frist for å klage er 3 veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage skal rettast til Miljøverndepartementet, men sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre.

Helsing

Synnøve Solbakken e. f
styreleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning
Statens naturoppsyn v /Olaf Bratland
Kvinnherad kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Vedlegg:

- Grunngjeving for vedtak om løyve til nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde, frå styreleiar Synnøve Solbakken.

Saksframlegg- Folgefonna nasjonalparkstyre

| Saksnummer | Utval | Møtedato |
|------------|------------------------------|------------|
| 21/12 | Folgefonna nasjonalparkstyre | 21.09.2012 |

Søknad om løyve til nydyrking på gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad

Søkjær: Sigurd Hatteberg

Sekretariatet tilrår:

Folgefonna nasjonalparkstyre avslår søknad frå Sigurd Hatteberg om løyve til nydyrking på bnr. 87 bnr.11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Vedtaket er fatta med heimel i Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.1.

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

Sigurd Hatteberg søkjer Folgefonna nasjonalparkstyre om løyve til dyrking av areal på gnr. 87, bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Arealet ligg i nedre del av Hattebergsdalen, også kalla Muradalen. Søkjær har inngått ein jordleigeavtale med eigaren av gnr. 87 bnr. 11 og han ynskjer å dyrke opp 5 dekar areal på dette bruket. Området er i dag innmarksbeite utan skog. Det er forholdsvis flatt med ein del stein i overflata. Planen er å riste stein ut av jorda. Ein del av steinmassen er tenkt nytta i samband med byggeprosjekt nede i bygda. Noko vil også bli grave ned i ein dreneringskanal parallelt med vegen.

Det omsøkte området grensar til areal med dyrka mark på to sider, og til innmarksbeite på to sider. Søkjær som også leiger området på eine sida av det omsøkte areal, ynskjer å utvide eksisterande teig til dyrking av grovfør, noko som på sikt skal føre til at han får mindre behov for å kjøpe rundballar. Søkjær har 27 mjølkekyr og 36 ungdyr. Området ligg i nedre delen av landskapsvernområdet. Dette området er mest prega av lang tids landbruksverksemd og er det området i dalen der det er størst andel fulldyrka mark.

Søkjær har 156 dekar fulldyrka jord, 20 dekar overflatedyrka jord og 233 da innmarksbeite, til saman 409 dekar disponibelt areal.

Hatteberg opplyser at han manglar 30 dekar på eigedomen for å ha tilstrekkeleg arealgrunnlag for mjølkekvoten. Han ser ikkje noko alternativt areal til dei 5 dekar som er søkt om, og det har heile tida vore planen at dette arealet også skulle dyrkast.

I følge Tore Eik ved landbruksavdelinga i Kvinnherad kommune er jordbruket i kommunen inne i ein svært positiv trend, det som er negativt er at det i deler av kommunen er vanskeleg å skaffe ekstra areal. Men det kjem ikkje fram om det er tilgang på før andre stader i kommunen.

Hordaland fylkeskommune har hatt saka til vurdering og opplyser at det ikkje er registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i direkte konflikt med nydyringsplanane, men gjer merksam på at det står eit SEFRAK-registrert bygg (ein steinfor) på naboteigen. Hordaland fylkeskommune ber difor om at det vert teke mest mogleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området.

2. Tilhøve til gjeldande planar og lovverk

Saka må behandlast i høve Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde, samt naturmangfaldlova.

I høve verneforskrifta § 3 punkt 1.1 skal område vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som.....,drenering og annan form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering,.....

I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.3 kan Folgefonna nasjonalparkstyre gje løyve til:

e) Rydding av nytt innmarksbeite.

I verneforskrifta er det ikkje heimel for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til nydyrking. Søknaden må difor vurderast i etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar § 4 i Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde.

I naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd står det at:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggest til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader det omsøkte tiltaket har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må også vurderast opp mot samla belastning totalt og ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er den som er best eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

3. Vurdering av søknaden etter verneforskrifta og naturmangfaldlova

Hattebergsdalen landskapsvernområde vart oppretta for med anna å verne om verdifulle kulturlandskap og kulturminne, og det er i følgje forvaltningsplanen eit mål at kulturlandskapet i nedre deler av dalen skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep.

Det er ikkje heimel i verneforskrifta for Hattebergsdalen til å gje løyve til nydyrking i landskapsvernområdet, men forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Det er altså sett to vilkår for dispensasjon etter bestemmelsen, og begge vilkåra må vera oppfylt for at ein kan gje dispensasjon:

- 1) Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, og
- 2) Tiltaket må ikkje vera i strid med vernevedtaket sitt føremål.

At tiltaket ikkje skal påverke verneverdiane nemneverdig inneber at dispensasjonsadgangen er snever. Dispensasjonsbestemmelsen kan ikkje brukast for å utvide rammene som er trekt opp i vernevedtaket. Bestemmelsen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uforutsette tilfelle eller spesielle/særlige tilfelle som ikkje vart vurdert ved vernetidspunktet. Sekretariatet ser det som lite truleg at framtidige søknader om nydyrking i landskapsvernområda ikkje vart vurdert ved vernetidspunktet. I vernevedtaket er det kùn opna for rydding av innmarksbeite.

Sekretariatet meiner tiltaket er i strid med vernevedtaket sitt føremål om å bevare viktige kulturlandskap og kulturminne. Forvaltningsplanen seier:

«I nedre delar av sjølve Muradalen er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet.»

«Område som tidlegare ikkje har vore gjødsla skal ikkje gjødslast.»

Det er eit mål at kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep, og ei utfordring er å oppretthalde beitetrykket i området, utan nye, større tekniske inngrep.

Det omsøkte arealet grensar både til fulldyrka areal og innmarksbeite. Området har ein estetisk verdi fordi det er med på å skape eit heilskapleg inntrykk av kulturlandskapet i Hattebergdalen. Det omsøkte arealet har også ein visuell verdi når ein ser det i samanheng med Baroniet i Rosendal si steinløe (Sjenefloren) som teigen grensar mot.



Skal ein sjå på det omsøkte arealet isolert sett, kan ein jo diskutere om nydyrking av 5 dekar er å rekne som eit inngrep som vil påverke kulturlandskapet i Hattebergdalen nemneverdig. Men nasjonalparkstyret bør særleg vurdere konsekvensane av ein eventuell dispensasjon. Viss det er så stort press på landbruksareal i området som det Kvinnherad kommune gjev uttrykk for, er det truleg at det vil koma fleire søknader om nydyrking i Hattebergdalen landskapsvernområde i framtida. Sekretariatet vil minne om mulig presedens.

Sekretariatet meiner også at det ikkje har kome godt nok fram i søknadsprosessen om det er gjort eit arbeid for å finne alternative areal utanfor verneområda. Kvinnherad kommune og Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling har vorte kontakta for å finne ut om det finnes tilgjengeleg areal som kunne vore nytta utanfor Hattebergdalen landskapsvernområde. Hjå fylkesmannen hadde dei ikkje oversikt over potensielle areal og status på dei. Kvinnherad kommune har gjeve uttrykk for at det er vankeleg med tilgjengeleg areal i området, men det er uklart kva dette betyr reint konkret, og kva som har vore gjort for å finne alternativ til arealet i Hattebergdalen.

Vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 (Kunnskapsgrunnlaget)

I følgje konsekvensutgreiing: *Folgefonna nasjonalpark med tilliggjande område for landskapsvern*. Kap 5. 5 Landbruk, er det 42 dekar dyrka (fulldyrka og overflatedyrka) mark i Muradalen (nedre del av Hattebergdalen), samt 635 dekar innmarksbeite (Bøthner & Rolland 2003).

Det føreligg ikkje noko informasjon om artsmangfaldet på det omsøkte arealet, men det er utført botaniske undersøkingar i Muradalen i samband med konsekvensutgreiinga i forkant av vernet. Utgreiingane seier ikkje noko om det omsøkte areal. Om dette skuldast at det var lite interessant artsmessig, eller at det ikkje har vore undersøkt er usikkert.

Det er ein naturtypelokalitet (naturbeitemark) vekta til «lokal verdi» i nærleiken av det omsøkte nydyrkingsarealet. Naturtypen er registrert i Naturbase. I områdebeskrivinga, om artsfunn, står det at «lokaliteten er artsfattig og utan funn av spesielt kravfulle eller interessante artar». Rapporten seier også at «det meste av grasmarkene i Muradalen verkar gjødsla og lite interessante biologisk sett». Forvaltingsstyresmakta må vurdere om det tiltaket får konsekvensar for denne naturtypelokaliteten.

§ 9 (Føre-var-prinsippet)

Føre-var-prinsippet skal brukast i saker der det ikkje føreligg nok kunnskap om tiltaket sin verknad på naturmiljøet. Sekretariatet meiner at kunnskapsgrunnlaget om tiltaket sin påverknad på naturmiljøet og verneverdiane er godt nok opplyst.

§ 10 (Økosystemtilnærming og samla belastning)

Hattebergdalen landskapsvernområde er det landskapsvernområdet på Folgefonnhalvøya som er sterkast prega av landbruk.

Inst i dalen ligg Muradalen kraftverk som har fleire tekniske installasjonar inne i landskapsvernområdet, som demningar og røygater.

Sekretariatet meiar at det tiltaket isolert sett ikkje vil føre til at den samla belastinga på naturmangfaldet i området vert så stort at ein ikkje kan tillate det. Men tiltaket kan opne for ein bit for bit forvaltning av landskapsvernområdet som på sikt kan øydeleggje det kulturlandskapet ein har verna i Hattebergsdalen.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshaver)

Sekretariatet tilrår eit avslag i denne saka, og finn difor ikkje dette relevant.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gjev dei beste samfunnsmessige resultat, jf. naturmangfaldlova § 12.

Søklar har tenkt å nytte eiga gravemaskin for å rydde stein ut av jorda, samt grøfta og planera. Det går veg inn Hattebergsdalen og det omsøkte areal ligg like ved vegen så det er ikkje behov for mykje kjøring i utmarka.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det finst andre meir skånsame alternativ til gravemaskin og traktor/lastebil for rydding av arealet og uttransport av overskotsstein i dette tilfellet. Val av lokalisering er diskutert tidlegare i saksframlegget.

Konklusjon:

Sekretariatet meiner tiltaket er i strid mot vernevedtaket sitt føremål om å verne om viktige kulturlandskap og kulturminne. Vilkåra for å gje dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova er difor ikkje oppfylt, og sekretariatet tilrår at søknaden om nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde vert avslått.

Rosendal 14. september 2012

Magnhild Berge
nasjonalparkforvaltar